



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** *FSK rom Hareid rådhus*  
**Dato:** *18.12.2014*  
**Møtet tok til** *11:45*  
**Møtet slutta** *12:15*

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 10.12.2014.

### FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Dag Audun Eliassen	Varaordfører	FL
Kjersti Røyset Topphol	Medlem	KRF
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Perny Ann Nilsen	Medlem	FRP
Anders Riise	Ordfører	H
Einar K. Warholm	Medlem	V

### FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Bent Arild Grytten	Rådmann
Mariann Båtnes	Rådgjevar
Oddbjørn Garnes	Kommunalsjef

Ordfører Anders Riise leia møtet

**7 voterande**

Formannskapet handsama PS 170/14  
Formannskapet handsama PS 171/14  
Formannskapet handsama PS 172/14  
Formannskapet handsama PS 173/14

Spørsmål stilt i lukka møte:

*Off.lova § 13 jf. forv.lova § 13 - Lovbestemt teieplikt*



- *Hallgeir Teigane ber om utgreiing i personalsak, og spør kvar saka står i dag.*

Rådmannen orienterer.

### SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	<b>Politiske saker</b>	
<b>PS 170/14</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
<b>PS 171/14</b>	<b>Godkjenning av protokoll førre møte</b>	
<b>PS 172/14</b>	<b>Etterjustering av tilskot 2013 til Gnist barnehager Holstad</b>	2013/552
<b>PS 173/14</b>	<b>Rekneskapsrapport pr. 30. november 2014</b>	2014/283

Hareid, 10.12.2014

Anders Riise  
ordfører

Anne-Karete Mork  
utvalsekretær



## **POLITISKE SAKER**

### **PS 170/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Formannskapet si handsaming:**

*Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.*

#### **Røysting:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

**Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.**

### **PS 171/14 Godkjenning av protokoll førre møte**

#### **Formannskapet si handsaming:**

*Det var fylgjande merknad til protokollen frå møte 1.12.2014:*

- *Endre siste punkt i røystinga i PS 166/14 til «resten av tilrådinga vedteken med 6 røyster for – 1 røyst mot.*

*Val av 2 medlemar til å signere protokollen frå førre møte:*

*Perny Ann Nilsen og Hallgeir Teigene*

#### **Røysting:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

**Protokollen frå møte 1.12.2014 godkjent med merknad.**

**Perny Ann Nilsen og Hallgeir Teigene vart valt til å signere protokollen frå førre møte.**

### **PS 172/14 Etterjustering av tilskot 2013 til Gnist barnehager Holstad**

**Formannskapet si handsaming:****Røysting:**

Samrøystes

**Formannskapet si tilråding frå møte 18.12.2014:**

Det vert vist til klage, datert 20.10.2014, på vedtak om etterjustering av tilskot til Grønmyr barnhage Holstad for 2013.

Med grunnlag i godkjent rekneskap for dei kommunale barnehagane 2013 og barnetala ved dei kommunale barnehagane og Gnist barnehager Holstad, vedtek Hareid kommunestyre følgjande justerte tilskotsatsar per heiltidsplass for 2013:

	Hareid					
	Per time i kr			Per heiltidsplass i kr		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskudd ordinære barnehager - små barn	77,3	1,4	78,7	166 929	3 058	169 987
Tilskudd ordinære barnehager - store barn	37,5	1,4	38,9	80 928	3 058	83 986

Utmåling av tilskot etter rekneskap til Gnist barnehager Holstad 2013 blir då:  
(kopierte frå reknearket til Telemarkforskning)

0-2 år oppholdstimer pr år	116 352
3-6 år oppholdstimer pr år	150 912
Oppholdstimer totalt	267 264
0-2 år heiltidsplasser	54
3-6 år heiltidsplasser	70
Heiltidsplasser totalt	124

Tilskudd drift barn 0 - 2 år	8 422 706
Tilskudd drift barn 3 - 6 år	5 296 249
Kapitaltilskudd	354 437

---

Sum tilskudd 2013	14 073 393
-------------------	------------

I tillegg kjem ekstra tilskot for inntak av fleire barn i desember 2014 kr 459 962  
Til saman kr 14 533 355 i kommunalt tilskot i 2013.

Utmålt tilskot etter rekneskap 2013	Kr 14 533 355
A-konto utbetalt 2013/2014	Kr -14 913 847
For mykje utbetalt 2013	Kr 380 492



Det er for 2013 overført kr 380 492 for mykje. Dette vert avrekna i 2015.  
Rundskriv Udir-6-2013, §8, Tredje ledd.

Det er klagerett etter forvaltningslova på dette vedtaket. Klaga må framsetjast innan 3 veker etter melding om vedtak er mottatt. Sjå vedlegg.

**PS 173/14 Rekneskapsrapport pr. 30. november 2014**

**Formannskapet si handsaming:**

*Rådmannen orienterte.*

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

**Formannskapet tek rekneskapsrapporten pr. 30. november 2014 til vitande.**

Anne-Karete Mork  
Utvalsekretær

Anders Riise  
Ordførar